

Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid

- søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller fylkesarkivet@hfk.no innan **15. mai 2016**.

Kontaktperson: Anne Aune, anne.aune@hfk.no, 55239956

1. Søkjar

Namn på søker:	Sunnhordland Museum	
Organisasjonsnr:	987670509	
Kontaktperson:	Per Øyvind Østensen	
Adresse:	Postboks 51, 5401 Stord	
Telefon:	95 80 56 38	E-post: poo@sunnhordland.museum.no
Skattekommune:	Stord	
Medlemstal:	700	

2. Søknad

Totalbudsjett:	100.000,-	Søknadssum:	30.000,-
Tidsskrift/publikasjonar:	Sunnhordland Årbok		

Skisse for prosjektet:

Sunnhordland museum (SM), tidlegare Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag, har heilt sidan 1914 årleg gjeve ut ei tradisjonell årbok med lengre og kortare artiklar knytt til mange ulike tema frå Sunnhordlands-regionen. Frå 2011 vart årboka meir temabasert, med færre og meir utdjupande artiklar, samt eit moderne design. Sjølv om hoveudfokuset geografisk framleis er Sunnhordland, har ein òg forsøkt å setja våre tradisjonar inn i eit større perspektiv ved til dømes å sjå på flettetradisjonar i Sunnhordland, Vestlandet og Polen. Tema dei siste åra har vore matttradisjonar (2011), byggeskikk (2012) kvinner i Sunnhordland (2013), båtbygging (2014) og flettetradisjon (2015).

SM sin konservator gjennom nesten 40 år, Tore Lande Moe, runda 70 år i 2015. I løpet av sitt yrkesliv ved SM har Lande Moe i mange år sitte i redaksjonskomiteen for årboka og ikkje minst bidrege med mange artiklar. Museet ønsker å vie årboka for 2016 til eit festskrift for Tore Lande Moe, der han vil få moglegheit til å publisera materiale han tidlegare ikkje har gjeve ut, samt skriva ut i meir fylde tidlegare utgjevne småstykke. Gjennom dei mange åra han har vore konservator med museet har han vist interesse for og opparbeidd seg ein kunnskap om ein del sære eller obskure emne ved historia i Sunnhordland spesielt og Hordaland generelt. Dette er til dømes pest og kulturminne, om koleragravplassar i Hordaland og Sogn og Fjordane, vulgærutrykk i arbeidslivet (ord ein ikkje brukte ved middagsbordet) og utedoen si historie. I tillegg kjem artiklar om meir stillfarne emne som korset, skjønnlitteratur og lokalmiljø, samt kva er ei typisk sunnhordlandsslekt, for å nemne nokre døme. Årboka vil gje eit bilet av dei vidtfemnande interessene etnologen og museumsmannen Lande Moe har hatt i si tid ved museet. Vi trur at denne årboka vil vera til glede for mange leسارar i Sunnhordland spesielt, men også for eit publikum godt utanfor vårt vanlege nedslagsfelt.

Som nemnt vil artiklane i årboka bli skrivne av Lande Moe sjølv. SM vil ha det endelige redaksjonsansvaret og syte for framdrift i prosjektet. Tidsplanen for utgjeving er medio november, jamnfor detaljert tidsplan i neste punkt. Omsøkt støtte frå Hordaland fylkesarkiv vil vera eit viktig bidrag til å få gjeve ut årboka for museet i 2016.

Mål og framdriftsplan for prosjektet:

Februar – august 2016 – skriving av tekst og innsamling av foto og andre illustrasjoner.

15. august tekst og illustrasjoner overleverast til forlag.

15. august – 14. oktober oppsett og korrektur.

14. oktober – årboka leverast til trykking.

Medio november – årboka ferdig trykt.

November – utsending av årbok til medlemmar og andre.

Medio desember 2016 – rapport for prosjektet til Hordaland fylkesarkiv

3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):

Sunnhordland Museum (SM) søker med dette støtte til utgjeving av årbok for 2016. Årboka vil vera eit festskrift for museet sin konservator gjennom nær 40 år, Tore Lande Moe. Lande Moe har gjennom si lange museumskarriere mellom anna interessert seg for nokre av dei meir sære emna ved historia i Sunnhordland og Hordaland. SM vil med denne årboka fortelje desse historiene. Artiklane vil dels vera lokale for Sunnhordland, men fleire vil også sjå på større geografisk områder. Vi vonar og trur at årboka vil vera av interesse for lesarar ut over Sunnhordland sine grenser. I tillegg vil årboka ikkje minst vera ei hylling av Tore Lande Moe si lange karriere ved museet. For mange har han vore einsbetydande med museet. Prosjektet og med det utgjevinga av årboka, er forventa ferdig i midten av november 2016. Endeleg rapport vil foreligga medio desember 2016.

Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.